

post@laerdal.kommune.no

Førde, 01.08.22

Dette brevet er sendt på vegne av Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Indre Sogn, Norges Jeger og Fisk Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag.

Innspel til planframlegg Kommuneplan – arealdel Lærdal Kommune

Fyrst så må ein få takke for moglegheita til å komme med innspel på kommuneplanen og for at fristen er romsleg mtp . fellesferien. Det set vi stor pris på.

FNF er vidare imponert over planomtalen sitt fokus på Berekraftsmål, naturmangfald, null-utslepp og det grønne skiftet. Dette er viktig arbeid og i ein kommune med så mykje naturareal er det spesielt viktig og nødvendig at ein har stort fokus på dette, også når det kjem til arealdisponering i kommunen.

Derfor er vi noko overraska over det totale trykket på utbygging av nye bustadområde (einebustadar, 1daa pr tomt) og hytteutbygging i fjellet i kommuneplanen.

Det er viktig at kommunedelplanen Klima, energi og miljø blir tatt omsyn til i arealdelen av kommuneplanen: Kommunedelplan for klima, energi og miljø, som fylgjer opp visjonen «Grøne Lærdal» har mange gode hovudmål. Spesielt vil vi nemne:

- Alle planforslag som angår overflatevatn eller grunnvatn vert vurdert etter miljømål i gjeldande regional plan for vassforvaltning (Vassforskrifta).
- **Ta vare på hovuddraga og store samanhengande område i landskapet i fjellområda, kulturlandskapet, vassdraga med fossestryk og fjordlandskap i Lærdal, utan større tekniske inngrep.**
- Allsidige bumiljø: **Vekt på fortetting**, for reduksjon av utslepp av klimagassar, samt **miljøvenlege, energieffektive og klimarobuste løysingar**. Fremja estetikk, svalande plassar i grønne lunger, funksjonelle møteplassar inne og ute for ulike aldersgrupper.
- Tilrettelegging for gåande, syklande og andre mjuke trafikantar med vekt på innovative løysingar og sikkerheit.»

Norsk natur forsvinn, bit for bit. Utan at vi har nok oversikt over dei totale øydeleggingane. Den norske raudlista viser at arealendringar er den største trusselen mot biologisk mangfald¹. Det same viser rapportar frå Det internasjonale Naturpanelet². Berekraftig bruk av **areal** må inkludere fortetting av eksisterande bebygde områder og arealeffektiv planlegging. Kommunen burde utarbeide ein arealstrategi, kor arealnøytralitet³ blir vurdert.

Hytteutbygging

Norske kommunar kappast om hyttekjøparane. Nær ein halv million hytter finst allereie i Norge. Lærdal kommune bør ikkje vere med på å framskunde dette. Hytter vert peika på som ein av truslane



mot biologisk mangfald. Men å seie nei til utbyggjarar som freistar med store planar blir vanskeleg. Dermed taper naturen, gong på gong.

Ein bør unngå hyttebygging i snaufjellet pga:

- Tap av natur og økosystem vil eskalere med klimaendringane (IPCC 2022)
- Sårbare økosystem som snaufjellet vil krympe med skogvekst og **utbygging**.
- Det er visuelt forstyrrende for folk som brukar fjellet til rekreasjon
- Auka aktivitet vil være negativt for villreinområde Lærdal- Årdal
- Beitedyr: sau og tamrein

Lærdal kommune bestemte i sitt Planprogram 2018- 2030⁴ at det **ikkje** skulle leggst til rette for nye områder for fritidsbustadar, då kommunen «har rikeleg med tilgjengelege hyttetomter, då i størst grad på Filefjell». I Saksframlegget vert det peika på at situasjonen har endra seg og at det på grunn av at det er nye aktørar som ynskjer å bygge ut hytteområde, og no er heile 1366,9 daa foreslått som nye områder for framtidige fritidsbustadar. Dette er i utgangspunktet eit dårleg argument for å opne opp for utbygging som strir med vedteken planprogram.

Store negative konsekvensar for natur

Utbygging av hyttefelt vil føre til mykje aktivitet for lokal næring akkurat når det byggjast, men ikkje på sikt. På sikt er det kun utbyggjar som tener på det. Innbyggjarane vil oppleve å miste vill natur, mindre tilgjengelege turområde og meir trafikk og trykk nær utbyggingsfelt. Samfunnsnyttan er med dette minimal.

Når kommunen no argumenterer for meir utbygging av inntil 323 fritidsbustadar fordelt på 1367 mål er det ein ganske massiv endring i hytteareal og ikkje ein beskjeden endring slik framlegget kallar det. Tiltaket er i hovudsak positivt for utbyggjar og påfører ei ulempe for naturen og innbyggjar. Noko som vert påpeika i KU og ROS:

«framlegga jamt over er vurdert å ha negative naturkonsekvensar og middels til dårlege samfunnskonsekvensar er det utarbeida ei rangering over dei aktuelle områda.»

Planen for utbygging av fritidsbustadar er uryddig og lite oversiktleg:

- I KU og ROS er tabellane over areal og einingar ikkje namngjevne med hyttefelt (tabell 3).
- I liste over prioriteringar er ikkje arealet med (s 47 i planomtale). I planomtale er det ikkje vist til kor mange nye hyttetomter det er samla i forslaget, noko som gjer det vanskeleg for lesaren å skjøne omfanget.

Kartlegging av naturtypar i gardskart.no kjem det opp at desse områda er sær sårbare:

- Hyttefelt F1 og F2 (Ulvehaugen ved Eldrevatnet), ca 40 einingar – Naturtype: viktig Rikmyr og høgfjell
- Hyttefelt F3 Gramstølen- stort areal, 853 daa, ca 190-230 einingar, som strekker seg inn i høgfjellet → sårbart økosystem

Villrein

Tett inntil E16 mot Filefjell er villreinområdet Lærdal – Årdal⁵. Villreinen er på den norske rødlista og er kategorisert til *Nær Truet*.⁶ Dette på grunn av den store reduksjonen i total bestandsstørrelse etter uttaka i Nordfjella, som ligg sør for (ikkje i kontakt med) villreinområdet Lærdal- Årdal. Villrein blir kraftig påverka av auka utbygging i fjella. Vegar er nok til å skilje bestandar. Menneskeleg aktivitet kan forstyrre villrein, spesielt i kalvingsperioden. Det er viktig at det blir tatt stort omsyn til villrein i utbygging i fjellregionen mtp. på sjølve utbygginga og tap av habitat, infrastruktur og aktivitet i området, før- under og etter utbygging. Villreinen er allereie under press av at bestanden er fragmentert og potensiell hytteutbygging i området vil auke aktivitet og presset på fjellheimen den lever i.

Kvifor utbygging?

Det ser ut til at alle ynskjer om å bygge hyttefelt er teken inn i planen heilt ukritisk. Trass i at det vart lagt føringar i Planprogrammet at det ikkje skulle byggast ut fleire hyttefelt OG trass i at Norconsult (innhyra i arbeid med arealplanen) sin rapport **rår imot** tiltaket med denne grunngjevinga (i KU&ROS):

- F1 (s 67): store negative konsekvensar for natur og dårlege konsekvensar for samfunnsnytte
- F2 (s 68): store negative konsekvensar for natur og dårlege konsekvensar for samfunnsnytte
- F3 (s 79): store negative konsekvensar for natur og ei lita overvekt av dårlege konsekvensar for samfunn
- F 4 (s 80) : middels til store negative konsekvensar for natur og både gode og dårlege konsekvensar for samfunn
- F5(s 82): middels negative konsekvensar for natur, for landbruk og vassdrag/ grønstruktur / friluftsliv er konsekvensane vurdert å vere liten negativ og både gode og dårlege konsekvensar for samfunn.

Det er ikkje gjeve grunngjeving for prioriteringslista for utbygging eller synlege vurderingar på kva felt som kjem best ut. Ein bør i det minste legge avgrensingar på antal og prioritere områder som gjer minst skade, ikkje berre legge inn alle innspela heilt ukritisk.

Det er ikkje peika på kva hyttefelta sine avtrykk er på natur og utslepp, noko ein bør følgje opp frå den nye klima og miljøplanen. Mål nr 67 i handlingsplan: *ein skal ta omsyn til landskapsverdiar og klima-, energi og miljø vert inkludert i vurdering av etablering og avgrensing av areal for bustader, næring og fritidsbygg*. Det er trist å sjå at Lærdal, «den grønne kommune», innfører desse forslaga utan å vurdere landskapsverdiar og naturinngrep. Her kjem spesielt hyttefelta Ulvehaugen F1, F2 og Gramstølen F3 veldig dårleg ut med sine viktige naturtypar og sårbare økosystem i høgfjellet.

Hyttefeltet ved Ulvehaugen vert føreslegen til tross av at det enda ikkje er utbygd dei allereie eksisterande hyttefeltet nede Breistøl. Det finnes allereie tilkomstveg gjennom Ulvehaugen, men det er dårleg årsak til å bygge ut nye 40 hytter for å miste enda meir av naturtypen *viktig Rikmyr*.

Hyttefelt fører til bandlagde areal som avgrensar anna ferdsel for dyr og folk. Ein bør og sørge for at dersom det vert bygd ut hyttefelt så skal det vera lagt til rette slik at det gir ein auka glede for allmenn ferdsel i tilknytning til hyttefeltet. Her kan kommunen legge strenge føringar for tilrettelegging **til** allmenneiga. Derfor bør ikkje hyttefelt leggest heilt inntil vatn og andre naturelement som naturleg inviterer til allmenn ferdsel.

Det er ikkje ein folkerett å bygge hytte i sårbar natur. Det bør dessutan leggest føringar på kva standard hyttene skal byggast etter. Vil ein tillate luksushytter med stort klimaavtrykk eller skal det vera meir beskjedne hytter som ivaretek ideologien om hytte på fjellet? Hyttene et ikkje berre av

naturareal men er og store energisluk. Det bør derfor settast eit tak på maksimal hyttestorleik og energikrav.

Jordvern

Ein vil også be om at ein vurderer konsekvensar av å omdisponere LNF-areal eller areal for jord- og skogbruk til bustadar på Håbakken, Erdal og Borlaugshagen føreset omdisponering av LNF-areal eller areal for jord- og skogbruk. Her skal det bli omdisponert jordbruksareal på ca 44 daa om er viktig for jordbruk og matproduksjon, som er av nasjonal interesse.

I tillegg meiner vi at næringsbygg og anna bygg bør ha overordna krav om energiforbruk og energikjelder som solceller for å bidra til målet om det grønne skiftet og eit grønt Lærdal.

Bustadutbygging

Vi stiller også spørsmål ved at den beste løysinga for å «gjera seg attraktive» er å «til ei kvar tid ha tilgjengelege, varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter» og at desse gjerne skal vere «einebustadar på 1daa pr. tomt», når eit sentralt tema, omsyn og problemstillingar i kommunedelplanen klima, energi og miljø er «Allsidige bumiljø: Vekt på **fortetting**, for reduksjon av utslepp av klimagassar, samt miljøvenlege, energieffektive og klimarobuste løysingar». Kva med bustadar som er mindre, tettare og lokalisert sentrumsnært på areal som allereie er bygd ut, eller i nærleiken av områder som allereie har bustadar.

Oppsummert:

- Arealplanen har mange gode overordna mål og føresetnadar, men den må ta meir omsyn til at der også føreligg ein temaplan for klima, energi og miljø og at mål og tiltak i denne planen må inn i arealdelen til kommuneplanen.
- Planen er lite gjennomtenkt med tanke på utbygging av fritidsbustadar og naturomsyn. Det er prega av hastverk og dårleg framstilling, noko som kan villeie lesaren.
- Lærdal den grønne kommune har i denne planen gått frå ha ein restriktiv hyttebygging til ei veldig offensiv utbygging på nær 320 hyttetomter. Dette i ei tid der forskinga tydeleg seier at hytteutbygging raserer naturen og er ikkje berekraftig.
- Vi anbefalar at det vert belyst for innbyggjarane kor mykje natur og landbruksmark ein vil omdisponere i denne planen totalt da dette verkar å vere eit eksempel på forholdsvis stor omdisponering av viktige areal for natur og matjord.
- Kommunen bør dessutan utarbeide ein arealstrategi eller eit arealrekskap, kor arealnøytralitet blir vurdert.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

- 1 - Artsdatabanken (2021). Påvirkningsfaktorer. Norsk rødliste for arter 2021.
[https://www.artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Resultater/Pavirkning](https://www.artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Resultater/Pavirkning....) Nedlastet <dag/måned/år>.
- 2 - <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/Naturpanel-ipbes/>
- 3 – <https://www.sabima.no/et-arealnoytralt-norge/>
- 4 – <https://laerdal.custompublish.com/fastsetjing-av-planprogram-for-arealdelen.6231711-466701.html>
- 5 – <https://www.villrein.no/lrdal-rdal-2>
- 6 - <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/19057>

